

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1951.

I samsvar med Stortings-vedtak 15. mars 1951 vart det 13. juli 1951 gjevi fråsegn om at krigstilstanden mellom Noreg og Tyskland blir rekna for å vera slutt.

Fredstraktaten med Japan vart underskriven for Noreg 8. september 1951 med etterhald om ratifisering.

Noreg har stelt eit transportskip og eit feltsjukehus til rådvelde for felleskommandoen for dei styrkane som Dei Sameinte Nasjonane har i Korea. Stortinget har løyvt eit tilskott til Dei Sameinte Nasjonane sitt etterreisingsprogram for Korea.

Noreg har ratifisert Genève-konvensjonane frå 12. august 1949 til vern av offera for kriegen, Europaråds-konvensjonen frå 4. november 1950 om vern om menneskerettane og dei grunnleggjande fridomar, og det reviderte generalvedtaket frå 28. april 1949 om fredeleg semjing av mellomfolkelege tvistar.

I den norsk-britiske fiskegrensetvisten har den Mellomfolkelege Domstolen i Haag med dom 18. desember 1951 gjevi Noreg medhald i påstanden om at den fiskegrensa som er fastsett med Kgl. resolusjon 12. juli 1935, ikkje er i strid med folkeretten.

Noreg har framleis vori med i det mellomfolkelege samarbeidet på det økonomiske området, mellom anna gjennom organisasjonen for Europeisk Økonomisk Samarbeid og i dei internasjonale råvarenemndene i Washington.

F o r s v a r e t .

Utbygginga av forsvaret har gått føre seg i samsvar med dei planane som Stortinget har slutta seg til. Levering av forsvars materiell i samband med det amerikanske hjelpeprogrammet har haldi fram. Dei verneløyvingane som Stortinget vedtok i juni 1951 har gjort

det mogleg å auka farten i forsvarsutbygginga monaleg.

Noreg har også i 1951 vori med i okkupasjonen av Tyskland med ein brigade av Hæren.

Arbeidet med den økonomiske vernebuinga har haldi fram med m. a. utbyggjing av krigstidsorganisasjonen for samferdsla og drivstoff-forsyninga, arbeid med å tryggja mattilførsla, utgreiing av spørsmålet om å nyttja fleire kvinner i Forsvaret og eit grunnleggjande arbeid med omsyn til industriproduksjonen. Regionale og fylkesvise økonomiske vernebuingsorganer er i gang i nært samarbeid med sentraladministrasjonen.

P r o d u k s j o n s u t v i k l i n g a .

I dei fleste næringane har produksjonen stigi i 1951 òg. I jordbruket var likevel produksjonen delvis mindre enn førre året. Vinninga av fisket var i 1951 både i mengd og verd større enn noko år før. Industriproduksjonen syner også rekordtal. Ein reknar med at industritilverknaden i det heile steig med om lag 6 prosent frå 1950 til 1951. Utførsle-industrien synte sterkest stiging i 1951 òg. Byggeverksemda har venteleg vori større i 1951 enn i 1950 trass i at sysselsetjinga har gått ned. Også i anleggsværksemda var syselsetjinga mindre enn i året før. Dette gjeld serleg samferdsla. Handelsflåten har haldi fram å vekse i 1951 òg, og skipsfraktene var høge gjennom heile året. Fraktinntektene av skip i utariksfurt har derfor stigit sterkt. Vareomsetnaden med utlandet synte framleis stiging både i mengd og verd, og bytehøvet vart betra. Saman med den sterke auken i fraktinntektene har dette ført til at Noreg i år for første gong i etterkrigsåra kjem til å få overskott på driftsjamvekta andsynes utlandet.

J o r d b r u k e t .

Vokstertilhøva var ikkje dei beste i 1951. Våren kom seint, og på føresumaren var det ein langvarig turke som seinka voksteren. I

mesteparten av innhaustingstida var det mykje nedbør som m. a. sette ned kvaliteten. Totalavlinga er førebels utrekna til 1855 mill. føreiningar. Dette er 228 mill. f.e. under avlinga i 1950 og 195 mill. f.e. under eit medels år. Også i hagebruket vart avlinga under eit medels år.

Samanlikna med 1950 har det vori ein liten auke i mjølke- og kjøtproduksjonen, men noko tilbakegang for flesk og egg. Teki under eitt er husdyrproduksjonen ikkje så reint lite høgre enn før krigen.

Bygg-arealet har auka sterkt i 1951, medan kveitearealet har gått tilbake. Potetvidda er omlag som i fjor, men grønnsak-arealet har auka.

Talet på mjølkekryr har gått ned med om lag 11 700, noko som truleg i ein viss mon heng saman med at fleire og fleire jordbrukskarar, serleg på Austlandet, går over til ein-sidig kornavl og sel storfebuskpen. Talet på hest, svin, geit og vaksne høns har minsk, medan talet på sau og kjklingar har auka.

Mekaniseringa av jordbrukskarar har haldi fram. Dette har hjelpt mykje på skorten på arbeidskraft. Talet på maskinstasjonar er no 1890.

Det ligg enno ikkje føre oppgåve for 4. kvartal 1951 når det gjeld jorddyrkning og burerising. Dei tala som blir gjevne nedanfor er derfor berre omlag-tal.

Det nydyrka arealet i 1951 kjem ventetleg opp i vel 34 000 dekar, som tilsvrar det arealet som vart nydyrka i 1950.

Grøfting av jord som tidlegare er dyrka, men som er vass-sjuk, reknar ein med vil berre koma opp i vel 16 000 dekar mot 19 625 dekar i 1950.

Det arealet som er overflatedyrka til beite og slått reknar ein vil bli på vel 27 000 dekar eller eit tilsvaranande areal som i 1950.

I 1951 er det gjevi stønad til å reise 158 nye bruk.

Av gjødseloppssamlingsanlegg, potetkjellarar og siloar reknar ein med det vil bli ferdigbygd 1 800, 4 400 og 3 300 mot i same fylgd 3 322, 4 857 og 3 496 året før. Det er gjevi samtykke til stønad til 115 store og 3 195 enkle vassforsyningasanlegg.

Til å byggje bureisings- og setervegar m. m. er det i 1951 løyvd stønad til 127 vegar med ei lengd på i alt 287 km. I same tida er det ferdigbygd 115 vegar med ei samla lengd på 301 km.

Helsetilstanden mellom husdyra våre er stort sett god. Det er teki alle rådgjerder til å hindre at mule- og klauvsjuken, som no

herjar i Mellom-Europa, Danmark og noko i Sør-Sverige, breier seg til vårt land.

Forbruket av kraftfør var om lag som i 1950. Sidan føravlinga vart for lita i ein del av landet, er tildelingane auka noko frå hausten 1951. Forråda av kraftfør er gode.

Lov om kraftfør-forsyninga (Kraftførmonopolet) tok til å gjelda 1. januar 1952.

S k o g b r u k e t .

I driftsåret 1950—51 vart det avverka i alt 6,5 mill. m³ salstømmer. Det planlagde kvantumet var 7 mill. m³. Prisane vart fastsette tidleg, og skogsdrifta kom difor godt i gang frå hausten av. Men dei store snømengdene over Aust- og Sørlandet la snart store hindringar i vegen for skogsfolket.

I Trøndelagsfylka og Nord-Noreg var driftstilhøva heile driftsbolken 1950—51 framifrå gode. Utetter våren 1951 gjekk også skogsdrifta godt over Aust- og Sørlandet, så det samla resultatet av hogsten for heile landet vart likevel bra.

Tilgangen på arbeidshjelp i skogbruket i driftsbolken 1950—51 var jamt over om lag som i driftsåret 1949—50.

Tømmerprisane vart i år øg fastsette tolleg tidleg. Serleg i jordbruksbygdene kom likevel ikkje hogsten så tidleg i gang for skuld den seine innhaustinga.

Driftstilhøva hausten 1951 var jamt over uvanleg gode, så hogsten er likevel komen godt i gang. 15. desember var det såleis avverka 3 mill. m³ eller om lag 0,3 mill. m³ meir enn på same tid i 1950. Tilgangen på arbeidshjelp til skogbruket var også noko betre hausten 1951 enn hausten 1950. Det var såleis om lag 1 000 fleire hoggarar i arbeid pr. 15. desember 1951 enn 15. desember 1950.

Sumaren 1951 var det over heile landet jamt over stor nedbør. Plante- og såkulturar slo difor svært godt til. I Trøndelagsfylka og serleg i Nordland har det vori rik tilgang på grankongler. Sanking er sett i gang. Over Aust- og Sørlandet er det sett i gang sanking av furukongler.

F i s k e t .

1951 har vori eit godt år for fisket. Etter førebels oppgåver ser det ut til at fangstmengda kjem opp i 1,6 mill. tonn til eit første-handsverde av 474 mill. kroner. Det er såleis

meir enn rekordåret 1948 med 1,3 mill. tonn til eit verde av 336 mill. kroner.

Vintersildfisket slo godt til med 888 000 tonn mot 771 300 tonn i 1950 og 819 600 tonn i 1948.

Lofotfisket kasta òg meir av seg enn året før, med ei fangstmengd på 115 964 tonn mot 71 800 tonn i 1950. Av fangstmengda i 1951 vart om lag 67 000 tonn fiska med snurpenot.

Dei andre torskefiska må reknast for medels gode. Fisket ved Vest-Grønland gav eit godt resultat.

Islandssildfisket og brislingfisket har gjevi resultat svarande til noko under medels år, og småsild- og feitsildfisket har vori godt.

Arbeidet med å modernisera fiskarflåten har haldi fram i 1951, og stendig fleire farty har vorti utbudde med ekkolodd og telefonisendarar, forutan at det har gått for seg noko utskifting av eldre motorar. Det har vori nok tilgang på fiskereiskapar.

Utførsla av fisk og fiskevarer har gått fullnøyande i 1951. Utførsleverdet vil koma over 900 mill. kroner. Dette er ein større sum enn nokonsinne før. I 1950 kom såleis verdet opp i om lag 700 mill. kroner. Det auka verdet i 1951 kjem av auka mengd. Mengda var såleis i 1950 360 000 tonn, men vil i 1951 bli over 500 000 tonn. Dei aller fleste varene syner auke, men det er sildemjølet, kleppfisken, tørrfisken, fersksilda og frysefisken som gjer dei største utslaga.

Utbygginga av fryseri og kjoleanlegg og andre tilverkingsanlegg har haldi fram i den mon tilgangen på materialer og arbeidskraft har gjort det mogleg. Ved fiskeindustrianlegget i Båtsfjord kom drifta i gang i november 1951, men ved anlegget i Honningsvåg kan venteleg drifta først ta til i byrjinga av 1952.

Kvalfangst.

Den norske fangsta i Antarktis var i fangstbolken 1950—51 på 1,1 mill. fat eller 190 000 metriske tonn kval- og spermolje, det er noko så nær same mengd som i førre fangstbolken. Av kvaloljen på 168 000 metr. tonn, vart 42 000 tonn leverte til innlandsk forbruk. Resten gjekk til dei norske herdingfabrikane til foredling og seinare utførsle, og noko beinveges til utlandet.

For utførsleoljen vart det oppnådd monaleg høgre pris enn i førre fangstbolken, nemleg jamt over 112 pund pr. long ton mot om lag 80 pund pr. long ton. Dermed kom det samla

verdet av kvalfangsta i Antarktis i fangstbolken 1950—51 opp i 358 mill. kr. mot 285 mill. kr. i førre bolken.

Det norske fangstmateriellet som var sett inn i Antarktis i fangstbolken 1950—51 var som i førre bolken på 10 flytande kvalkoker og landstasjonen i Husvik Harbour, men talet på kvalbåtar hadde auka fra 126 til 131.

I fangstbolken 1951—52 brukar Noreg dei same 10 flytande kokene og landstasjonen, men talet på kvalbåtar er no 139.

Industrien.

Norsk industri sétt under eitt har hatt eit godt år i 1951 òg. Produksjonen steig med om lag 6 pst. frå 1950 til 1951. Pris- og avsetnadstilhøva har stort sétt vori gode. Serleg var det tilfelle for utførsleindustrien. For heimeindustrien har tilhøva vori meir ymse. I sume greiner har verksemndene hatt avsetnadsvanskar. Den internasjonale marknaden har i 1951 vori svært stram for dei fleste råvarene, men tilgangen til industrien vår har stort sétt vori fullnøyande. Av innlandske råemne var det svært god tilgang på sild til olje- og feittindustrien. Treforedlingsindustrien har fått om lag same tømmermengd som i 1950. Det har vori noko lettare om arbeidskraft for verksemndene enn det var i 1950, men det har framleis vori knapt om fagarbeidrarar, serleg i jarn- og metallindustrien.

Også i 1951 steig produksjonen, sterkest i utførsleindustrien. Produksjonen auka med om lag 10 pst. frå 1950 til 1951, men auken var mindre enn i åra nærmast før. Visse delar av utførsleindustrien leid under skort på vatn og kraft utsida várparten.

I heimeindustrien auka tilverknaden med om lag 5 pst. frå 1950 til 1951. Frå 1949 til 1950 auka tilverknaden i denne industrien med 4 pst. Stort sett greidde heimeindustrien på jamnen å stetta etterspurnaden. Rasjonereringa av tekstilvarer og av kakao og kokosjokolade kunne takast bort 1. desember.

Kolproduksjonen på Svalbard var i 1951 om lag 475 000 tonn mot 374 000 tonn i 1950.

Elektrisitetsutbygginga har haldi fram etter det fastlagde programmet. Det har siste året komi til bort imot 150 000 KW ny maskinkapasitet i kraftverka våre. Vasstilhøva har vori gode over Austlandet og Sørlandet, men svært dårlige over resten av landet. Krafttilverknaden er likevel kome opp mot 18 000 mill. KWh.

Bygge- og anleggsverksemda.

Liksom i tidlegare etterkrigsår har omfanget av bygge- og anleggsverksemda først og fremst retta seg etter tilgangen på arbeidskraft og byggetilfang.

I februar 1951 vart det gjevi nye retningslinjer for bustadbygginga. Dei tok serskilt sikte på å stimulere bruken av tresparande byggemåtar og å avgrensa storleiken på husværa. Retningslinene méda dessutan på å gje tilskuv til å byggje fleir-familiehus, og sette forbod mot å byggje einebustader i strøk der det er høve til å leige ut. Endeleg ville ein gjennom desse retningslinene hjelpe fram sjølvbyggjarverksemda.

Tilgangen på dei viktigaste byggematerialane har vori fullt utnytta. Trass i at tilverknaden av cement har auka sterkt, har omsynet til forbrukarane gjort det naudsynt å halda opp rasjoneringen av denne vara.

For bustadbygging vart det i mai månad gjevi nye føresegner. Dei tydde i røynda ei monaleg utviding av programmet, med di søkerar som hadde all den trelast dei trøng, kunne få byggeløyve utan at det skulle gå av kvotene.

Bustadbygginga har auka sterkt frå og med halvårsskiftet. Ein reknar med at det i alt vil bli ferdigbygd om lag 20 000 husvære, eller om lag 2 500 mindre enn i 1950. Men talet på husvære i arbeid var i slutten av året rekna til om lag 24 000 mot om lag 14 200 året før.

Alt i alt har bygge- og anleggsverksemda i 1951 vori noko mindre enn i 1950. Nedgangen kjem serleg av mindre vølings- og anleggsverksemde.

Skipferdsla.

Handelsflåten har vaksi mykje og vorti sterkt oppatnya i 1951 òg. Reknar ein med alle registreringspliktige skip, d. e. skip på over 25 bruttotonn, var flåten den 1. oktober 1951 på i alt 5 930 000 bruttotonn mot 5 680 000 bruttotonn den 1. januar 1951. Held ein kvalfangsflåten utafor, var handelsflåten den 1. oktober 1951 på 5 720 000 bruttotonn.

I dei tre første fjerdingår av 1951 var det ein bruttotilgang til flåten på i alt 525 000 bruttotonn, og denne tilgangen var så å seia berre nybygde skip. Frå utlandet vart det ført inn nye skip, det aller meste tankskip, på til saman 443 000 bruttotonn, og frå norske verkstader vart det levert i alt 69 000 bruttotonn. Dette er den største tonnasjen som nokon gong har vori levert frå norske verkstader i

eit så stutt tidsrom. Berre 11 000 bruttotonn var eldre skip, innkjøpte frå utlandet.

Frågangen frå handelsflåten var serleg stor i 1951 for di ikkje så få eldre skip vart selde til utlandet. I dei tre første fjerdingåra vart det utført skip på i alt 257 000 bruttotonn mot 189 000 bruttotonn i heile 1950.

Sidan frågangen var så stor, vart nettotilgangen til flåten i dei 3 første fjerdingåra av 1951 om lag 250 000 bruttotonn mot om lag 400 000 bruttotonn i 1950.

Den store tilgangen på ny tonnasje og salet av eldre skip til utlandet dei siste åra har betra alderssamsetninga i handelsflåten mykje. Ved utgangen av 1950 var 33 pst. av tonnasjen under 5 år gamal mot berre 17 pst. ved utgangen av 1946.

I 1951 vart det i motsetnad til dei to førre åra gjevi mange lisensar til nykontrahering av skip i utlandet. Medan det i heile 1950 vart kontrahert i alt berre om lag 330 000 bruttotonn, var kontraheringa i 1951 fram til 15. november på i alt om lag 1 800 000 bruttotonn. Av dei var om lag 1 500 000 kontrahert i utlandet og om lag 300 000 i Noreg. Alt i alt var det den 15. november 1951 i bygging og tinga for norsk rekning om lag 2 400 000 bruttotonn.

Skipferdsla har hatt høge frakter gjennom heile året 1951. Den stiginga i fraktene som sette inn hausten 1950, heldt fram med uminka styrke utover vinteren og våren 1951. Etter eit mindre atterslag i sumarmånadene gjekk fraktene opp att i haustmånadene og heldt seg svært faste året ut. For tørrlasteskipa låg jamt over reisecertepartifraktene vel dobbelt så høgt i 1951 som i 1950, og tidsertepartifraktene mellom 2 og 3 gonger så høgt. På tankmarknaden var fraktstiginga serleg sterk hausten 1950. Sterlingratene for lausfrakter steig frå grunnrate til mesta det 3-doble i siste helvta av 1950. Etter eit atterslag fra våren 1951 byrja alt i august ein ny oppgang, og den fekk ut gjennom haustmånadene fraktene opp att i vel 300 pst. over grunnraten.

Berre få norske skip har likevel kunna nyte godt av dei høge fraktene, for di mange tørrlasteskip og mesteparten av tankflåten har vori sysselsette på meir langsiktige avtaler. For lineskipa har fraktstiginga i 1951 for dei fleste linene ymsa mellom 15 og 40 pst.

Nettofraktinntektene åt handelsflåten i utariksfart har stigi sterkt i 1951, frå 800 mill. kroner i dei 3 første fjerdingåra av 1950 til 1 435 mill. kroner i same tid i 1951 etter valutastatistikken åt Norges Bank. Den sterke stiginga kjem noko av at handelsflåten har vaksi, men først og fremst kjem stiginga av

at bruttofraktinntektene for ein stor del av flåten har stigi langt sterkare enn dei driftsutgiftene skipa har i utlandet.

Samferdsla innlands.

Det har i 1951 òg vori noko stiging i den innlandske samferdsla, men ferdsla ser ut til å stabilisere seg etter den sterke stiginga vi har hatt i etterkrigsåra.

Personferdsla ved Statsbanene har vori om lag som i 1950. Men godstrafikken som no er dobbelt så stor som i siste førkrigsåra, låg i vintermånadene noko under trafikken i fjoråret, men tok seg sterkt opp utover sumaren og hausten. Kapasiteten av vognmateriellet til jernbanene aukar framleis, og elektrifiseringa held fram. I 1951 vart Kongsvingerbana ferdig elektrifisert fram til svenskegrensa.

Rutebilferdsla har vori stor i 1951 òg.

Tilføring av nye bilar har vori rikelegare, og bussunderstell og lastebilar er sette på fri liste.

Det er gjort avtale mellom samferdselsstyremaktene i Danmark, Sverige og Noreg på den eine sida og Den tyske sambandsrepublikken på den andre sida om gjennomføring av internasjonale vegtransportar av folk og varer.

Postsendinga har vori om lag like stor som i 1950. Telegramtrafikken minkar framleis, men talet på ekspederte telefonsamtaler syner stiging i 1951 òg.

Turistferdsla har vori om lag som året før.

Ruteflyginga syner aukande trafikktal både for innlands- og utlandsrutene.

Utariksøkonomien.

Verdet av utførsla har også dette året stigi mykje. Når ein tek med kvalolje som er levert beinveges frå feltet, blir utførsleverdett etter førebels oppgåver om lag 4 100 mill. kroner. Skip er da ikkje medrekna. Dette er ein auke frå 1950 på 1 300 mill. kroner. Verdet av innførsla utanom skip var etter førebels tal om lag 5 300 mill. kroner. Også dette er ein auke på 1 300 mill. kroner frå 1950. I dei første 11 månadene vart det selt skip til utlandet for 363 mill. kroner og ført inn skip for 784 mill. kroner. Dei tilsvarande tala for same tidbolken i 1950 var 95 og 781 mill. kroner.

Mengda av utførslevarene utanom skip var etter førebels oppgåver noko større enn i 1950 og låg om lag 11 pst. over 1938-nivået. Det er utført meir sild og fisk, meir kvalolje bein-

veges frå feltet, og noko meir gjødsel, men mindre fiskehermetikk og mindre olje og feitt av innlandsk tilverknad enn i 1950. Dei utførde mengdene av treforedlingsprodukt har vori om lag ubrigda. Av varer som det er innført meir av enn i 1950, kan nemnast jarn og stål, bilar, kubb og cellulosetømmer, kol, råbomull og bomullsvarer. Det har vori mindre innførsle av m. a. korn og førstoff, koks, sinners, råull og ullvarer.

Både innførsle- og utførslevarene har stigi i pris, men utførsleprisane har auka sterkare enn innførsleprisane. Serleg sterk har prisstiginga vori for dei viktigaste utførslevarene våre: tremasse, cellulose og papir.

Underskottet på varejamvekta, medrekna skip, vil venteleg bli om lag 290 mill. kroner mindre enn i 1950. Samstundes har fraktinntektene av norske skip i utariksfart stigi sterkt. Ein reknar med at det i 1951 vil bli eit overskott på driftsjamvekta andsynes utlandet på om lag 200 mill. kroner mot eit underskott på 848 mill. kroner i 1950. I desse tala er ikkje medteki gåver under Det europeiske etterreisingsprogrammet. I 1951 kom desse gåvene opp i netto om lag 380 mill. kroner mot 1039 mill. kroner i 1950. Trekk på utgangsstillinga i Den europeiske betalingsunionen er da teki med. I første halvåret av 1951 trekte Noreg på kreditten i Den europeiske betalingsunionen, men utover sumaren og hausten vart det betalt attende. Pr. 31. desember 1951 var det trekt 1,8 mill. dollar eller 12,5 mill. kroner på kreditten i Den europeiske betalingsunionen.

Utgiftene til avdrag på gjeld er i 1951 rekna til om lag 160 mill. kroner. Den valutasummen landet har ligggjande, auka i dei 3 første fjerdingåra med 566 mill. kroner.

Sysselsetjinga.

Sysselsetjinga har auka i 1951 òg. Stastikken byggjer på talet på dei som er innmelde i sjuketrygda, og syner ein auke på om lag 6 500 til utgangen av 3. fjerdingår 1951 jamfört med same tid i 1950. I bygge- og anleggsvirksemada er det ein tilbakegang i talet på sysselsette på om lag 5 500 ved utgangen av same kvartalet. Talet på sysselsette i industrien har auka med om lag 7 400. Auken byter seg stort sett jamt over dei ulike greiner i industrien. Talet på sysselsette i immatriell verksemd, her medteke offentleg styringsverk, syner ein auke på om lag 4 300. I jord- og skogbruk har nedgangen i syssel-

setjinga vori om lag 1 400, det er monaleg mindre enn i tidlegare år.

Når det gjeld serskilt bygge- og anleggsvirksemda, låg sysselsetjinga serleg i 1. halvåret mykje lågare enn året før. I 2. halvåret har sysselsetjinga vori mykje jamnare enn i dei siste åra, og ein reknar at tala ved utgangen av 1951 ligg 4—5 000 høgre enn ved utgangen av 1950.

Arbeidsløysa har i 1951 også vori svært låg. Dei første månadene i året var det noko sesongarbeidsløyse, serleg i Nord-Noreg. Samstundes var det i andre landsluter eit stort tal ledige plassar i sume yrke. I sumarhalvåret har etterspurnaden etter arbeidskraft jamt over vori noko større enn tilbodet.

Løner.

Statistikken over timeforteneste i medeltal i industri og bygge- og anleggsvirksemde syner auke frå 1950 til 1951. Ein god del av auken kjem av dei dyrtidstillegga som er gjevne. På grunnlag av avtale mellom hovudorganisasjonane i oktober 1950 vart det frå 15. april 1951 ein generell auke i dyrtidstillegget for vaksne arbeidarar med 17 øre i timen. Auken kom som ei fylgd av det som avtalen fastsette om automatisk regulering med 2,6 øre for indekspoengen etter stiging eller fall i levekostnadsindeksen på 5 poeng eller meir sidan september 1950. Indekstalet hadde pr. 15. mars auka til 115,0 poeng frå 108,3 i september 1950.

Same avtalen fastsette at ny stiging eller fall i indekstalet på 5 poeng eller meir etter 6 månader skulle gje partane rett til å krevja tinging om ny lønnsregulering. Pr. 15. september 1951 hadde indekstalet stigi til 125,8 poeng. På dette grunnlaget vart det teki opp tingingar mellom hovudorganisasjonane. Tingingane førde ikkje fram, og for å hindre ein vidfemnande arbeidsstogg vedtok Stortinget ei lov om serskild lønsnemnd-førehaving av spørsmålet om dyrtidsvederlag. Orskurden åt lønsnemnda fall 7. desember og gjekk ut på ein generell auke i det ålmenne dyrtidstillegget med 21 øre for vaksne arbeidarar og 11 øre for unge arbeidarar frå 16. oktober 1951.

For arbeidarar og funksjonærar som hadde lønsavtalar med andre arbeidsgjevarorganisasjonar, vart det gjennomført same indeksregulering som for dei to hovudorganisasjonane. Ein kan rekna med at også storparten av dei

uorganiserte lønstakarane fekk tilsvarande tillegg.

Om lag alle tariffavtalar, som opphavleg gjekk ut i 1951, vart ved oktoberavtalen lengde til 1952. Vanlege tariffoppgrader hadde ein derfor i 1951 berre for sume grupper som fall utafor dei generelle dyrtidsordningane.

I 1951 har det liksom i dei andre etterkrigsåra, vori få tilfelle av arbeidsstogg, og dei fleste har vori svært stutte. Dei største var streiken ved Askim Gummivarefabrikk og arbeidsstoggen ved konfeksjonsindustrien i Kristiansund N.

Prisutviklinga.

Den sterke prisstiginga som tok til i 1950, heldt fram i første helvta av 1951. Prisoppgangen i 1950 kom delvis av at pristilskota vart skorne ned, men prisauken i 1951 kan for det meste førast attende til den sterke internasjonale prisstiginga som sette inn etter at Korea-krigen braut ut i juni 1950. Dessutan har kostnadsnivået stigi ved dei lønntillegga, og dei pristillegga på jordbruksvarer og fisk, som vart gjevne hausten 1950 og våren og hausten 1951.

Engrosprisindeksen har i alt stigi 42,1 pst. etter at nedskjeringa av pristilskotta tok til i førstninga av april 1950. Av dei fell 18,7 pst. i første helvta av 1951. I dei siste månadene har prisutviklinga komi inn i eit rolegare lègje. Frå juli til august gjekk engrosprisindeksen noko ned, men har så stigi att og ligg i november månad 0,5 pst. høgre enn i juli. I det siste året, frå november 1950 til november 1951, har engrosprisnivået stigi i alt 16,9 pst. Stiginga har vori noko ulik for dei ulike varegruppene. Innførslevarene har såleis i medeltal gått opp 21,6 pst., medan dei innlandske varene jamt over har stigi 13,7 pst.

Levekostnadsindeksen har stigi i alt 25,2 pst. etter at nedskjeringa av pristilskotta tok til, og i det siste året, frå november 1950 til november 1951, 14,3 pst. I dei siste 4 månadane har stiginga vori etter måten lita. Totaltalet har såleis stigi berre 0,6 pst. frå juli til november, dvs. frå 125,5 til 126,3 (1949 = 100).

Av dei einskilde utgiftsgruppene er det brenselsutgiftene som har stigi mest i det siste året, i alt 36,2 pst. Deretter kjem kledeposten med 25,3 pst., matvareposten med 13,7 pst., posten «andre utgifter» med 12,5 pst. og utgiftene til drikkevarer og tobakk med 8,0 pst. Husleiga har gått opp 2,4 pst. og utgiftene til gass og elektrisitet 3,1 pst.

Peng- og kreditt-tilhøva.

Stiginga i Noregs Banks setelomlaup har i 1951 vori større enn noko anna år etter krigen. Den samla summen av folioinnskott, riksinnskott og skadebot for krigsforlis syner samstundes ein mindre nedgang. Riksinnskotta på i alt om lag $\frac{1}{2}$ milliard kroner vart i mars overførde frå Noregs Bank til aksje- og sparebankane, der dei står til rådvelde for eigarane frå september av. Sameleis vart 400 mill. kroner av Statens Reguleringskonto overførde til ein ny konto, som vart stelt til rådvelde for utlån til statsbankane.

Desse frigjeringane av midlar saman med Noregs Banks valutaoppkjøp i takt med betringa av betalingsjamvekta har vegi opp den bindinga av motverdemidlar som har gått føre seg ved tilgangen på Marshall-midlar, slik at pengemarknaden har vorti lettare og likviditeten åt bankane har auka.

I det private bankstellet har utlånsauken haldi fram om lag i takt med engrospristiginga. Dei statsgaranterte bankane har kunna halde fram med den store auken i utlån med hjelp frå dei midlar som er frigjevne frå Reguleringskontoen. Kursane på obligasjonsmarknaden ligg noko under 90 pst. for stats- og statsgaranterte langsiktige $2\frac{1}{2}$ pst. obligasjonar. Noregs Banks offisielle diskontosats er framleis $2\frac{1}{2}$ pst.

Innskottsstiginga i aksje- og sparebankane held fram. Det er auke i dei andre banktala òg, så nær som verdepapir-porteføljen.

Offentlege finansar.

Den finanzielle stoda i kommunane har vori god når ein ser dei under eitt, men det er stor skilnad på dei einiske kommunane. Auken i låneskulda har ikkje vori så stor i 1950—51 som i året før.

Dei kommunale skattane syner auke i 1950—51, medan skatterestansane ikkje har endra seg mykje. Reduksjonstabellane er frå og med terminen 1951—52 endra noko i meir familievenleg retning. Talet på kommunar som må få tilskott av Skattefordelingsfondet for å jamvega budsjetta sine, har auka.

Den samla lånegjelda åt kommunane har i tida etter frigjeringa auka monaleg. På den andre sida har òg den samla kontantmidelen åt kommunane auka med ein nokolunde tilsvarande sum. Av lånegjeldsauken etter frigjeringa er om lag 80 pst. brukt til elektrisitetsutbygginga. For å frigjera arbeidskraft til industri, jord- og skogbruk har ein opp-

moda kommunane om å minke løyvingane sine til investeringsføremål. Slik tilhøva er, vil det enno vera naudsynt å oppmøde kommunane om at dei avgrensar løyvingane til investeringsføremål så langt det synest forsvarleg.

Inntektene på budsjettrekneskapen åt staten for 1950—51 var noko høgre enn førre året, medan utgiftene var noko lågare. Inntektene (avdraga medrekna) har komi opp i 3 124 102 000 kroner. Utgiftene, medrekna anleggsutgifter og avdraga på statsgjelta, har vori 2 928 414 000 kroner. Den samla rekneskapen (drift og kapital) syner såleis eit overskott på 195 688 000 kroner. Det er gjort framlegg om at overskottet skal nyttast til å finansiere Nord-Noregplanen.

Når ein skal døme om resultatet av rekneskapen, må ein vera merksam på at dei overførde løyvingane, som kviler som ein skyldnad på kontantsummen i statskassa, i 1950—51 har gått ned med 77 359 000 kroner.

Samstundes er det betalt av om lag 130 mill. kroner på statsgjelta.

Kyrkje, skole og opplæring.

Det er no om lag 870 prestestillingar i kyrkja. Det vart i 1951 ordinert 42 nye prestar til teneste i kyrkja og religiøse organisjonar og i skolen. Den nye lønsskipnaden vart gjennomførd frå 1. juli 1951 for prestar utan embetsgard.

Av dei prestegardane som vart øydelagde i krigstida, er no 9 oppattbygde.

Mange landkommunar har i år òg auka lesetida i folkeskolen. Det er framleis skort på lærarar, men stoda var noko betre i 1951 enn året før trass i den store auken av elevar i folkeskolen. Det vart bygt meir skolerom i 1951, men enno er husromet største vansken for skolen. Det går serleg ut over praktisk opplæring.

Det er vedteki ny lov om spesialskolar og fastsett at lova skal ta til å gjelde frå 1. juli 1952.

Frå 1. juli 1951 er Direktoratet for døve-, blinde- og evneveikeskolane slegi saman med Direktoratet for skoleheimane under namnet Direktoratet for spesialskolane.

Det er sett i gang mellombels ein ny skole for døve i Åsgårdstrand. Skolen har fått namnet Borre offentlege skole for døve.

Framhaldsskolen er i god vokster, men framhaldsskolen òg har for liten tilgang på lærarar og store vanskars med husrom.

Arbeidet med å byggje ut realskolar og gymnas i samsvar med landsplanen frå 1939 har haldi fram. Det er i 1951 sett i gang statsrealskole på Bryne.

Det er no i gang 81 folkehøgskolar med 4 400 elevar, det er om lag same elevtalet som i fjor.

Lærarskolane er fullt utnytta med i alt 62 klasser. Statens lærarskoleklasser i Bodø kom i gang i 1951. Det er haldi innføringskurs for studentar som tek arbeid i folkeskolen med tanke på lærarutdanning seinare.

Lov om lærlingar vart delvis sett i verk frå 1. juli 1951. I 1951 er det gjevi vanleg statsstilskott til 3 nye verkstadskolar: Follo, Lillehammer og Fåberg, og Hammerfest yrkeskole. Det var større byggjearbeid i gang ved yrkesskolane i Harstad, Bardufoss, Narvik, Egge, Dovre, Gjøvik, Horten, Rjukan og Kristiansand.

Ved universitetet i Oslo var det i haustsemestret 1951 i alt 3 694 studentar.

Ved universitetet i Bergen var det hausten 1951 innskrivi 342 studentar frå 16 fylke.

Ved Norges tekniske høgskole var det i haustsemestret 1951 om lag 1 000 studentar. Arbeidet med å byggje nytt kjemisk institutt ved høgskolen tok til hausten 1951.

Statens lånekasse for studerande ungdom har no gjevi lån til i alt om lag 8 300 personar. Samla utlånsmengd er 29 mill. kroner.

I 1951 er det gjevi statstilskott til å ta over firmaet Folkeboksamlingen Ekspedisjon, som skal skipast som eit lutlag med staten og kommunane som luteigarar. Lutlaget skal arbeide med kjøp og innbinding av bøker og yte bibliografisk teneste for folke- og skoleboksamlingane.

Riksteatret hadde i 1951 713 framsyningar på i alt 248 stader, og Norsk Bygdekino hadde vel 6 000 framsyningar. Foredragsverksem og fritt studiearbeit med statsstønad hadde god framgang. Talet på foredrag auka med 16 pst., kveldskoleverksemda med om lag 50 pst. samanlikna med 1950.

Av overskottet til Norsk Tipping A/S for 1950 er det til vitskaplege formål etla ut kr. 8 400 000 og til idrettsformål kr. 4 600 000. Konsesjonen til Norsk Tipping A/S er lengd for 5 år rekna frå 24. oktober 1951.

Arbeidet med samfunnshus er komi godt i gang. På meir enn 400 stader planlegg dei no samfunnshus og har vendt seg til Statens ungdoms- og idrettskontor om det.

Sosiale tiltak og helsetilstanden.

Arbeidet med å byggje ut barneverntiltaka har haldi fram etter planen. Sosialdepartementet sette i 1951 i gang eit 1-årig kurs for barneheimsarbeidarar med deltakarar frå heile landet. Eit liknande kurs vil det bli haldi i 1952 òg.

Husmorvikarverksemda er i snøgg vokster. Det er skipa 200 nye stillingar i 1951, slik at det no er om lag 1 100 kommunale husmorvikarar i heile landet.

I edruskapsarbeidet er det i 1951 gjort ein viktig framstøyt ved at Stortinget har løyvt 2 mill. kroner til Statens Fond for alkoholfrie hotell, andre herbyrge og matstover. Det er sett ned eit utval som skal leggje fram plan for eit forskningsinstitutt for alkoholspørsmål, og eit utval som skal leggje fram plan om eit sjukehus for slike som ligg under for drykk.

Det er gjort mange forbetingar i sosialtrygdene fram gjennom året. Barnetrygda er auka frå kr. 180 til kr. 240 og høvet til å yta trygd for første barnet er utvida. Stønads-satsane i alders- og ulykketrygda er auka, og det er innført pensjon for attlevande ektemake etter alderspensjonistar. I sjuketrygda er m. a. inntektsgrensa for tvungen og friviljig trygd lyft. Forsytar- og familietillegga er auka, og det er innført sjuke- og familiepengar for fiskarar. Det er òg innført pensjonstrygd for skogsarbeidarar.

Det er ført over til Noreg fleire grupper av flyktningar fra Mellom-Europa.

Atterreisinga av folkehelsa har også i 1951 haldi fram etter planen. Helsetilstanden i landet har vori god. Kjønnssjukdomar og epidemiske sjukdomar har gått enda meir tilbake, men poliomielitten har gått som farang serleg på Austlandet og Sørlandet med bortimot 1 600 tilfelle av lamming.

Moderniseringa og utbygginga av Rikshospitalet går planfast framover. I 1951 er det opna ein ny nevro-kirurgisk avdeling og ein ny avdeling for øyre-, nase- og halssjukdomar.

Rørsla i folkemengda i 1951.

Ved utgangen av 1950 var den folkemengda som høyrer heime i riket rekna til 3 279 000, og ved utgangen av 1951 kan ho setjast til 3 308 000. Folkemengda vil då truleg ha auka med 29 000 i 1951.

Etter førebels oppgåver var det i dei 3 første fjerdingåra av 1951 19 712 giftarmål, mot 19 329 i det tilsvarende tidsromet av 1950. Det vart registrert 47 179 levandefødde born, mot 48 470 i dei 3 første kvartala av 1950. Talet på døde i det tilsvarende tidsromet var 20 385 i 1951, mot 21 184 i 1950.

Fødselsoverskottet i dei 3 første kvartala

av 1951 var noko lågare enn i same tidsromet av 1950.

Ein førebels oppteljing av flytningar innlands syner at 116 322 personar skifte bustad i dei tre første fjerdingåra av 1951. Oppgåvene over flytningar til og frå utlandet i same tidsromet syner at det var eit overskott på utflytte til oversjøiske og andre land på om lag 3 000 personar.

Gjevi på Oslo slott 11. januar 1952.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON
(L. S.)

Oscar Torp

Leif Østern